



SAKSHANDSAMAR
Ole Søre Eriksen

VÅR REF.
20/00290-2

ARK. Sakarkiv
2.2.5

DYKKAR REF.
2020/1777-1

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO
28.02.2020

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Tilskot og utbetaling - Statsbudsjettet 2020 kap. 1429 post 79 - Vestland fylkeskommune - Verdsarven Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden - Tildeling av tilskot til verdsarven

Me synar til brev frå Vestland fylkeskommune datert 15.1.2020 og søknad om tilskot for 2020 på kr. 4 500 000 til verdsarven Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden frå statsbudsjettet Klima- og miljødepartementet kap. 1429 post 79 Tilskot til verdsarven.

Tildeling og førehandstilsegn

Riksantikvaren har fatta slike **vedtak**:

Vedtak om tilskot

Riksantikvaren gir kr 3 500 000,- til Vestland fylkeskommune frå post 79 for tiltak i verdsarven Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden.

Vedtak om tilsegn

Riksantikvaren gir tilsegn på kr 500 000,- for 2021 til Vestland fylkeskommune frå post 79 for tiltak i verdsarven Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden.

Bruk og forvaltning av tilskotsmidlane skal fylgje «Reglement for økonomistyring i staten» og vilkår nærmare skildra i «Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79» som ligg ved brevet.

Aksept av tildelinga

Riksantikvaren synar til forvaltningslovas § 28 kor det gjeng fram at vedtaket er automatisk akseptert dersom ikkje mottakar klagar på det innan 3 veker.

Utbetaling av tilskot for 2020

Saman med dette brevet betalar vi ut tilskotet for 2020 på kr 3 500 000,-. Vi ber om å få oversyn for kva planar/prioriteringar tilskotsmottakar har for bruken innan 15. april.

Grunngjeving for vedtaket

Hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø. Ein skal og taka vare på kulturminna som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap,

oppleving og verdiskaping. Midlane under post 79 er knytte til nasjonalt mål om at områda på Unescos verdsarvliste skal forvaltast i tråd med forpliktingane i Unescos verdsarvkonvensjon og retningslinene for oppfølginga av konvensjonen.

Vestnorsk fjordlandskap er innskriven som eit reint naturområde, men der opplevinga av menneskjas liv og virke i området er ei vesentleg tilleggsverdi. Å ta vare på vitnemål om dette er i tråd med forpliktingane som fylgjer av statusen som verdsarv.

Me viser òg til KLDs tildelingsbrev til Riksantikvaren 2020:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/0fdb7d48c07849eea3749623dc4c59b9/riksantikvaren-2020.pdf>

I fordelinga av midlar til verdsarvstadene har Riksantikvaren vurdert søknadane etter kriteria for tilskot frå post 79 samt rapporteringa for 2019. Hovudkriteriet for tildeling er restansar i tilskotsmidlar og ferdig utførte tiltak. I søknaden legg fylkeskommunen vekt på å knytte istandsettingstiltaka til føreliggande planar. Riksantikvaren ser det som eit godt grep. Tilskotet må sjåast i samanheng med dette.

Søknad og rapportering

I samanheng med vøling av bygningar og anlegg skal mykje av rapporteringa til Riksantikvaren framleis gå gjennom Askeladden, som til dømes oppdatering av tilstandsgrad, handsaming av søknadar og tilskot frå og til eigarar, handsaming av søknadar frå fylka og innlegging av tildelinga frå Riksantikvaren. Ny elektronisk søknadsportal, DigiSak, er førebels ikkje i bruk for post 79.

Søknad om tildeling frå post 79 og rapportering frå føregåande år må sendast i skriftleg form.

Hovudpunkta for søknad:

- Økonomi
- Kritiske faktorar
- Organisering av forvaltningsarbeidet
- Oppnåing av mål

Med bakgrunn i merknader frå Riksrevisjonen på andre tilskotspostar samt erfaring frå tilsyn i fleire fylkeskommunar, vil Riksantikvaren leggje større vekt på rapporteringa frå mottakarar av tilskot frå post 79. Vi vil difor be om fylgjande rapportering for 2020:

- Tal på bygningar og anlegg med både påbyrja og ferdigstillta tiltak
- Tal på påbyrja og ferdigstillta tiltak i kulturlandskap og kulturmiljø, her også medrekna løypande skjøtsels- og vedlikehaldstiltak
- Tal på og kva bygningar og anlegg (m/ Askeladden ID) der tilskotet er større enn 50 -70 % av tiltakets antikvariske meirkostnad
- Rapport for verksemda i 2020 med status planarbeid (forvaltningsplanar/skjøtselsplanar/ buffersoner o.a.), utstillingar og anna formidling
- Årleg rapportering på parkforvaltar kulturminne sine aktivitetar og prosjekt
- Midlar, inkl. rentar, som står på øyremerkta konto pr. 31.12.2020

Manglande eller mangelfull rapportering for 2020 vil bli sterkare lagt vekt på enn føregående år ved Riksantikvaren sin fordeling av tilskotsmidlar til verdsarvstadene i 2021.

Bevaringsprogrammet for verdsarven er ei stor satsing for kulturminneforvaltinga. Riksantikvaren ynskjer å betra rapporteringa si til KLD. Vi ynskjer difor skriftlege rapporter som er egna til formidling frå konkrete prosjekt for istandsetting og tiltak i verdsarvområda. Me ber om at alle verdsarvstadane sender oss ein eller fleire slike rapporter frå nyleg avslutta prosjekt i løpet av dette året.

Kriteria for tilskot post 79

Målet for ordninga er å forvalte verdsarvområda i tråd med forpliktingane i Unescos verdsarvkonvensjon og dei internasjonale retningslinene frå Unesco. Tildelingskriteria for post 79 gjeng fram av Rundskriv T-1/19 («Tilskotsrundskrivet») frå KLD. Det er vesentleg at fylkeskommunen gjer ei sjølvstendig vurdering av om søkjar fell inn under ordninga. Ved tilskot til istandsetting av bygningar og anlegg ber vi om at objektet blir tilstandsregistrert før tiltaket settast i gang og at registreringa blir oppdatert etter ferdig arbeid. Oppdatering kan til dømes bli gjort som ein del av eller saman med sluttrapporten etter tiltaket.

Eigenandel og tilskot

Rundskriv T-1/19 omtalar m.a. krav til innhald i søknad om tilskot. Under punkt om finansiering skal bl.a. eigenandel/eigeninnsats gå fram. Riksantikvaren ser det som ein hovudregel at tilskotet ikkje skal være meir enn 50-70 % av kostnadene. Unntak frå dette må vurderast i lys av kulturminnets verdi, nytte av bygget for eigar og om det ligg føre urimeleg stort ansvar for vedlikehald. Dette må vurderast og dokumenterast i den einskilde saka. Fylkeskommunen må rapportere og grunngje kva bygg som får større tilskot enn 70% av dei oppgitte kostnadane.

Val av utførande handverkarar ved istandsetting av bygningar og anlegg

Utførande firma skal gje opp formell kompetanse og referanseprosjekt med kontaktinformasjon. Handverkarane skal ha fagskolepoeng eller studiepoeng innan praktisk bygningsvern eller kunne dokumentere tilsvarende realkompetanse. Generelt skal krav verte stilt til at handverkarane har delteke i minst tre prosjekt tidlegare med tilsvarende arbeidsoppgåver. Fylkeskommunen kan tillemppe krava for dei einskilde tiltaka i lys av den faktiske situasjonen og karakteren til arbeidet. Lærlingar eller andre under kompetanseoppbygging skal fylgjes opp kontinuerleg under arbeidet. Sentrale fagpersonar og byggeplassleiar i utførande firma må meistre norsk for å kunne diskutere kvaliteten ved utføringa.

Om Askeladden

Før eit nytt elektronisk søknadssystem er på plass, vil tilgang til tilskotsmodulen i Askeladden framleis være:

<https://askeladden.ra.no/AskeladdenTilskudd/Pages/LoginPage.aspx?ReturnUrl=%2fAskeladdenTilskudd%2fStandard.aspx>

Informasjonsflyt mellom tilskuddsmottakere og Riksantikvaren	Ansvar	Frist	
Frist for oppdatering av tilstandsgrad for nye objekter uten tilstandsgrad og objekter som er satt i stand.	FK	31.12.2020	Askeladden
Frist for innlegging av søknader	FK	15.01.2021	Askeladden
Frist for økonomisk rapportering	FK	15.01.2021	Askeladden
Skriftlig og økonomisk rapportering tildelte midler, inkl. midler til overføring og renter	FK	15.01.2021	Brev
Tilskuddsbrev for 2020 og utbetaling av tilsagn og tilskudd for 2020	RA	02.03.2020	Brev

Beste helsing

Hilde Løveid Varvin (e.f.)
Seksjonsleiar

Ole Søre Eriksen
Seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjend

Vedlegg: Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79

Kopi til: Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 TRONDHEIM
Erling Oppheim, Nærøyfjorden verdsarvpark, Fjordsenteret, 5745 AURLAND

Kontering - Regionalforvaltningen

(til internt bruk for Riksantikvaren)

Tilskudd 2020

Konto: 8719	Koststed: 36	Tilskuddsnummer: 200446...	Beløp 3 500 000
Merknad: Kap/post 142979 (Vfk ref. 400300)			

Utbetaling – Tilskudd 2020

Beløp: 3 500 000,-	Mottakers kontonummer 8111.07.82349	Konto: 8719	Koststed: 36	Tilskuddsnummer: 200446...
Merknad: Kap/post 142979 (Vfk ref. 400300)				

Tilsagn 2021 - Tilsagnsfullmakt for 2021

Konto: 8719	Koststed: 36	Tilsagnsnummer: 210446...	Beløp 500 000
Merknad: Kap/post 142979 (Vfk ref. 400300)			